

Mattilsynet  
Hovedkontoret Avdeling Tilsyn  
Seksjon Fisk og sjømat

Deres ref:  
Vår ref: 2008/15750  
Dato: 11.11.2009  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## HØRINGSSVAR PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILTE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN FRÅ MATTILSYNET REGION FOR HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE.

### Innleiing

Hordaland har store utfordringar knytt til fiskehelse og parasittar. Mattilsynet Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane er bekymra for sjukdom- og lusesituasjonen i Hardangerfjorden. Tilhøva i områda i ytre del av Hardangerfjord bassenget (Sunnhordland) er spesielt alvorlige, med høge lusetal, og store problem med resistens mot dei mest brukte behandlingsmidla. Sunnhordland har den høgaste tettleiken av godkjente akvakulturanlegg i drift i Noreg. Dei store mengdene fisk i dette området påverkar lusesituasjonen i høg grad og har vore ein medverkande årsak til dagens alvorlege lusesituasjon. Talet på anlegg med lusenivå over tiltaksgrensene og overskriding av lusetiltaksgrense i dette området er høgare enn i nordlige og sørlige nærliggande områder.

Regionkontoret og distriktskontoret for Sunnhordland ser det slik at talet på vertar for lus i Sunnhordland må reduserast kraftig for at situasjonen skal kome under kontroll, og for at produksjon i dette området skal være berekraftig. I tillegg til reduksjon av talet på vertar, ser regionkontoret at tiltak som synkronisert brakklegging og samordna avlusing av akvakulturanlegg over store områder er nødvendige tiltak for å bevare bestandane av vill laksefisk og akvakulturnæringa i områder der dei mest effektive lusemidla har byrja å miste sin effekt.

I følgje forskrift av 18. august 2009 nr 1095 om bekjempelse av lus i akvakulturanlegg (luseforskrifta), kan Mattilsynet fastsette soneforskrift for å gjennomføre særskilte tiltak for førebygging og nedkjemping av lus. Dagens lusesituasjon tilseier at ei slik forskrift må fastsetjast for å få bukt med den kritiske lusesituasjonen i områda med resistensproblem.

I forbindelse med ei eventuell brakklegging av store områder ynskjer Mattilsynet også å påleggje slakteria og brønnbåtane som frakter slaktefisk i området som er brakklagt å slakte direkte frå brønnbåt, og filtrere avløpsvatn for å fjerne kjønnsmodne lus og egg strengar. Dette er naudsynt av di ein ikkje ynskjer å tilføre smitte til områder som er brakklagt og dermed øydeleggje noko av den effekten ein ynskjer at brakklegging skal ha.

Regionkontoret har planer om å laga ei soneforskrift som pålegg oppdrettarane i Sunnhordland ei koordinert brakklegging i 2011. Det er enno ikkje avklart kor store områda for brakklegging skal

vere eller avgrensinga av sonene. Det kan også vere naudsynt å ha ei tilsvarande brakklegging av tilgrensande område sør og nord for Sunnhordland. Ei slik brakklegging vil truleg også verke positivt i forhold til førebygging og nedkjemping av andre vassborne sjukdomar, som til dømes pankreas disease (PD) og infeksiøs lakseanemi (ILA). Slik regionkontoret ser det er brakklegging og eventuelt reduksjon av tal på vertar for lusa dei mest effektive tiltaka for å handtere den kritiske situasjonen ein står over for nå. Regionkontoret meiner at dette er heilt nødvendige tiltak for å sikre at formåla i både dagens luseforskrift og i forslag til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden (Hardangerfrys forskrifta) vert oppfylde.

## **Formåls paragrafen Hardangerfrysforskrift**

### *§ 1. Formål*

*Formålet med forskrifta er å bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden, medrekna bereevna til fjordområdet, forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk og det langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa.*

Å sikre ei berekraftig utvikling og ivareta omsynet til ville bestandar av laksefisk i Hardangerfjorden vil i dagens situasjon ikkje bli oppnådd gjennom tiltaka i forslaget til forskrift. Forhold knytt til fiskehelse vil ikkje kunne bli betra slik forskrifta føreligg nå.

Bakgrunnen for forskrifta som er til høring er den kritiske situasjonen for vill fisk i Hardangerfjordområdet og da spesielt med tanke på lakselus. Slik forskrifta føreligg på høring er det ikkje foreslått tiltak som vil betre lusesituasjonen. Dersom forskrifta skal ivareta vill fisk bestandane, så må det gjennomførast tiltak som reddar villfisken. Mengde lakselus er i dag på et nivå som spesielt sjøauren i dette systemet ikkje toler. Enkelte villaks stammer i systemet er også svært sårbare og vil kunne verte påverka negativt av lakselus og rømming. Å fryse talet på vertar for lakselus på litt over dagens nivå kan ikkje forventas å ha ein positiv effekt på desse problema.

## **Problemstilling med rømt oppdrettsfisk og påverking på villebestandar.**

Ein del av problema knytt til rømming skyldast oppdrettsfisk som rømmer som liten (ny utsett i sjø med for stor maskevidde på nøtene). Denne fisken kan vandre opp i elvane som vaksne for å gyte og utgjer dermed ein fare for dei ville laksebestandane. I forhold til effekt på vill laks bestandane og tid man har for å fange inn rømt fisk, så vil det være mest effektivt å sette inn tiltak i elvemunningane for å hindre at rømt oppdrettsfisk kommer opp i elva. Mattilsynet meiner at det bør være ein avgift per fisk som settast ut som betalast av oppdrettarane, denne avgifta skal dekke tiltak som må setjast i verk for å hindre oppgang av rømt oppdrettsfisk i elvane.

## **3.1 Geografisk verkeområde**

I høringsforlaget er ikkje Langenuen tatt med i forskriftas geografiske verkeområde. Ut i frå strømtilhøve vil oppdrettsanlegga i dette område påverke miljøtilhøva i like stor grad som anlegga i Stokksundet. Etersom akvakulturanlegg i Langenuen blir påverka av og påverkar omkring liggande område bør dette området også omfattast av forskrifta.

## **3.3 Avgrensing av produksjon**

I høringsbrevet står det at tiltak i regi av Mattilsynet som samordna avlusing og dei nye reglane for kontroll av lus i akvakulturanlegg vil kunne hjelpe på lusepresset på ville bestandar. Desse tiltaka er ikkje tilstrekkelige i forhold til dagens situasjon i Sunnhordland.

I forslaget som ligg til høring er det foreslått ein tilbaketrekking av tildelte løyve som ikkje er i bruk. Dette er ikkje ein reduksjon av produksjon, men ein frys av situasjonen på dagens produksjonsnivå. Dersom produksjon i akvakulturanlegga i dette område skal være berekraftig og fylgje formåls paragrafen Hardangerfrysforskrifta, så må dagens produksjon reduserast. Dette er heilt nødvendig for å forbetre fiskehelse både til vill fisk og oppdrettsfisk, og for å ha ein berekraftig produksjon. Problema knytt til lus er per i dag mest kritisk i Sunnhordland.

Det er talet på oppdrettsfisk i akvakulturanlegga i Hardangerfjorden som er avgjerande for lusesituasjonen i systemet. Det er trong for ein anna måte å regulere produksjonen i Hardangerfjorden enn biomassen. Mattilsynet ynskjer at produksjonen reguleras på individnivå. Verksemd kunne da fått godkjent utsett av tal på fisk i anlegga i driftsplanane sine i Hardangerfrys forskriftas geografiske virkeområde. Når det er eit tak på tal individ tillete set ut, vil det vere viktig for aktørane å ta best mogeleg vare på kvart einskilt individ. Dette vil føra til auka fokus og innsats

på arbeid knytt til fiskehelse. Mange aktørar kalkulerer i dag med eit svinn på opp mot 20-30 prosent Dette ser Mattilsynet på som eit av dei største velferds problema i næringa og ein medverkande årsak til ein del av sjukdomsproblema.

I forhold til § 6 Alternativ 2 så er det foreslått at eit av kriteria for å vurdere reduksjon av løyve er kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysvedtaket. Dette alternativet rammar ikkje dei aktørane som har vore med å skape problema i Hardangerfjorden og er inkonsistent. Ved ein reduksjon bør dei verksemdene som har vore med på å skape dagens situasjon være dei som må kutta ned på produksjonen.

### **3.4 Brønnbåtar og flytting av fisk**

I forskrift av 20.november 2007 nr 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hos akvakulturdyr (PD-forskriften) er det fastsett tiltak og føresegn for å nedkjempe og forhindre smitte av pankreassjukdom (PD).

Flytting av fisk i sjø er ein risikofaktor for utbrot og spreiding av sjukdom. Departementet foreslår derfor at Mattilsynet skal varslast og gi godkjenning før flytting av fisk (jf. § 8) og Mattilsynet kan fastsette brønnbåtleier (jf. § 9). Forslaget i § 8 tilsvarer §§ 7 og 8 i PD-forskrifta. I forhold til luseproblematikk gjeld luseforskrifta og eventuelt ei eiga soneforskrift for nedkjemping og førebygging av lus i Hardangerfjordområdet. Regionkontoret foreslår at §§ 8 og 9 fjernast frå Hardangerfrys forskrifta, slik at det ikkje blir ein dobbel regulering av problemstillingane i dagens gjeldande regelverk.

Dersom ikkje § 8 fjernes, må den endras til at Mattilsynet skal varslas og ikkje godkjenne transport. Godkjenningsordningar i regelverket er uheldig i forhold til at det er verksemdas ansvar å følge regelverket. Ei godkjenning er eit signal om at Mattilsynet finner det omsøkte til å være i samsvar med regelverket, dette ansvaret skal ligge på verksemda. Dersom Mattilsynet finner at den varsla transporten ikkje er i samsvar med dagens regelverk, så må Mattilsynet kunne gripe inn i forhold til varsla transport.

Forslag til ordlyd § 8 dersom denne ikkje fjernast:

#### *§ 8. Flytting av fisk*

*Mattilsynet skal, av omsyn til risiko for spreiding av lakselus, varslast om all transport inn til og mellom akvakulturanlegg med laksefisk i Hardangerfjorden.*

*Mattilsynet kan ved varsel stille vilkår for transport, medrekna:*

- a) *område for inntak av transportvann*
- b) *transportrute*
- c) *krav om helt eller delvis lukka brønn*
- d) *krav til behandling av transportvatn*

*Varselet skal leverast i den form Mattilsynet bestemmer.*

*Ved fastsetting av smittehygieniske fellesområde, kan Mattilsynet ut frå omsynet til smittevern påleggje flytting av fisk til annan lokalitet.*

### **3.5 I krafttreiding og oppheving av forskrifta**

Det står i høringsbrevet at styresmaktene vil arbeide vidare med å finne eigna indikatorar og effektmål som kan gi grunnlag for å vurdere når miljøforholda i Hardangerfjorden igjen kan forsvare auka oppdrettsverksemd. Det er viktig at disse indikatorane, vert synlige for næringa, og dei bør inkluderas i merknadane til forskrifta. Mattilsynet vil foreslå effektmåla som stod i brev datert den 24.10.2008 frå Fiskeridirektoratet til Fiskeri- og kystdepartementet :

- 1) *Det skal i snitt ikkje være meir ein 5 % rømte individ i gytebestandane av laks i elvene Opo, Kinso, Eio, Granvinsleva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømt fisk er gjennomført.*
- 2) *Det skal i snitt ikkje være meir ein 5 lus per utvandrande laksesmolt fanget i forskriftas virkeområde.*
- 3) *Det skal ikkje være prematur tilbakevandra lakselus skada sjøaure i elveosen før 15.juni, og heller ikkje store opphoppingar med tydelig lakselus skada sjøaure same sted seinare i sesongen. Begge deler gjelder for eitkvart vassdrag innafor forskriftas virkeområde.*

Direktoratet for Naturforvaltning bør ha ein årleg oppfølging og ei evaluering etter tre år av effektmåla. Dersom ein då ikkje har oppnådd måla, bør det ligge i forskrifta at produksjonen i området må reduserast.

Elvene i Hardangerfjorden bør være under spesielt overvaking for å vurdere effekt av tiltaka i Hardangerfrys forskrift.

#### **Avsluttande føresegner i Hardangerfrys forskrift:**

I fylgje § 10 skal Mattilsynet føre tilsyn og fatte vedtak for å gjennomføre føresegnene gitt i §§ 5, 8, 9 og 11 i forskrifta.

I fylgje § 11 så kan Mattilsynet i særlege høve dispensere frå føresegnene i §§ 6,8, og 9.

Ettersom MTB er Fiskeridirektoratets forvaltningsområde og § 6 ikkje er ei føresegn Mattilsynet fører tilsyn og gjer vedtak bør ikkje Mattilsynet kunne dispensere frå § 6.

Dersom ikkje § 9 fjernast frå forskrift meiner regionkontoret at det ikkje er behov for dispensasjon frå denne føresegna. Bakgrunnen for dette er ordlyden i § 9. Det står at Mattilsynet kan gjere vedtak om fastsetting av brønnbåtruter.

Regionkontoret foreslår at dersom § 8 og 9 ikkje fjernast frå forskrift så endras ordlyd i § 11 til:

*Mattilsynet kan i særlege høve dispensere frå føresegnene i § 8.*

#### **Oppsummering**

Mattilsynet Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane er svært bekymra for fiskehelse- og lusesituasjonen i Sunnhordland. Forhold knytt til fiskehelse og lus vil ikkje forbetras med ein frys situasjon som er foreslått i forskrifta. Brakklegging av store områder, regulering av tal på fisk som settast ut i staden for biomasse, og reduksjon av tal på fisk i desse områda er tiltak som regionkontoret meiner må gjennomførast for å forbetre fiskehelsa i desse områda. Det er viktig at effektmål av tiltaka i Hardanger følgjas opp og evalueras for å vurdere om dei har ført til ein forbetring av fiskehelsa og lusetilhøva.

Med helsing

Roald Vaage  
regiondirektør

Kopi til:

508000 - Distriktskontoret for Sunnhordland

507000 - Distriktskontoret for Hardanger og Voss

Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen  
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, 5020 Bergen